

**Undheim skule**



**Time kommune**

## **Forventingsdokument - Elevrolla**

- Møte utkvilt og klar (rett utstyr er med) og vere mottagelege for læring.
- På skulen vår er vi høflege og engasjerte og bidreg i timen.
- Vi kjenner rutinane og møter til timen på tida.
- Vi er inkluderande og oppfører oss slik at alle opplever eit godt læringsmiljø.
- Ved skifte av læringsøkt er det ryddig der eg har vore.

**Undheim skule**



**Time kommune**

## **Forveningsdokument - Personal**

- Alle voksne har ansvar for relasjonen med eleven
- Alle voksne jobbar aktivt og målretta for eit trygt og inkluderande læringsmiljø.
- Kontaktlærer har hovudansvar for informasjon og samarbeid med heimen. Vi bruker min Visma flyt skole sin app samt at kontaktlærer er tilgjengeleg i arbeidstida 08.00 - 16.00.
- Kontaktlærer har hovudansvar for kartleggingsprøvene og SOL, og følgjer opp resultatata (Conexus Engage)
- Personalet bruker Vurdering for læring (VFL) sine prinsipp
- Personalet møter førebudd og i rett tid til timane.
- Personalet arbeider med det sosiale på skulen. Skulen er ein Olweus skule og ein arbeider etter Olweus sine prinsipp. På 1.- 4. kl brukar ein også Zippy.
- Personalet held seg oppdatert på skulen sine informasjonskanaler og deltek aktivt i utviklingsarbeid.
- Fagarbeidarar er ein ressurs for enkeltelevar, grupper elevar og lærar.

- Alle på skulen har ansvar for å leggje ting på plass etter bruk og sørge for struktur og orden på skulen.

**Undheim skule**



**Time kommune**

## **Forveningsdokument - matpausen**

- Ein ryddar pulten og vaskar hender
- Ein markerer at vi startar å ete på ulikt vis.
- 7. klasse set fram mjølkeposane i gangen nede. Ordenselevar hentar mjølkeposen. Mjølke som er til overs merkar ein med namn og set i blankt skap.
- Elevane skal skylle evt. brette drikkekartongen.
- Sjøppel ber ordenselevane ut ved behov.
- Medan ein et er det litt fleksibelt om ein ser Supernytt, les bok eller berre snakkar. Dette har kontaktlærar eit system på.



## Forveningsdokument - Skule/heim

- Skulen har hovudansvar for skule/heim samarbeidet
- Utviklingssamtalen er munnleg to gongar i året i.
- Utviklingssamtalen skal gje informasjon om eleven sin kompetansen i dei ulike faga og framovermelding om korleis eleven kan auke kompetansen.
- Foreldremøte har ein eit tidleg om hausten i september som skulen har ansvar for og eit på våren i april, som foreldrekontaktane har ansvar for.
- Leksene skal gje foreldre innsyn i kva barna held på med på skulen, dei skal fremme læring og gje støtte til å nå kompetansemåla.
- Leksene skal vere varierte og motiverande, og dei grunnleggande ferdigheitene skal ha særleg fokus med lesing og skriving kvar dag.
- Leksene skal gje elevane mengetrening, overlæring og repetisjon.
- Elevane sin vekeplan skal leggjast ut på heimesida innan kl. 13.00 måndag.

**Undheim skule**



**Time kommune**

## **Forveningsdokument - Friminutt -**

- Mobiltelefon skal vere avslått og i sekken om ein treng den med til skulen. (Smartklokker skal stå i skulemodus)
- Ein held seg på skulen sitt område
- Ein tek vare på kvarandre og inkluderer alle
- Skateing er lov på tilvist stad med eigna verneutstyr
- Snøballkasting er tillate på kunstgrasbanen.
- Ved aking i akebakken går ein opp på sidene.
- Pinnar, steinar og andre ting som høyrer til ute, skal halde seg ute.
- Hyttebygging gjer ein på baksida i skogkanten.
- Ein skal berre renne på hoppet med ski eller på rompa.
- Elevane stiller opp ute i fastrekka. Den vaksne hentar klassane inn.

Undheim skule



Time kommune

## Forveningsdokument – Uteskule

- Når ein er på uteskule, flyttar ein klasserommet ut. Det betyr at ein også skal fylle denne dagen med mål frå LK-20.
- Skulen sine ordensreglar gjeld også når vi er på uteskule.
- Turane startar og sluttar inne i klasserommet om ikkje anna er informert om og avklara med føresette på førehand.
- Før ein går på tur, tek ein ROS analyse saman med elevane.

### For skulen:

- Dei vaksne har ansvar for å ta med Førstehjelpskrin
- Dei vaksne deler ut mjølk til dei som skal ha før dei går på tur.

- Dei vaksne må gjere seg kjende på turplassane for å kunne lage gode faglege opplegg.
- Dei vaksne må definere kva ein skal lære på turen. Dette er det som gir føringar for kvar og kva turen inneheld.
- Både ved sykling og gåing skal det alltid vere ein vaksen først, ein bakarst og dei andre fordelt imellom
- Ein sykkel har same trafikkreglar som bil. Ein må sikre at elevane har fått opplæring i trafikk og sykkelvett før ein dreg på lengre sykkelturar.
- Eit blås med fløyta = stopp og lytt til beskjed
- To blås med fløyta = spring til lærar